Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Lyder Konrad Leithaug

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Odd Høydalsvik / 55516377 | 19/134453-2 | | 11.06.2019 |

# Svar på søknad om dispensasjon – utplassering toalettvogn / sjåførfacilitet – Fylkesveg 394 – gnr. 10 bnr. 37 i Lindås kommune

Vi viser til Dykkar søknad av 31.05.2019 om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 394 for plassering av toalettvogn på gnr. 10, bnr. 37 på Rødland i Lindås kommune.

Det vert søkt om plassering av toalettvogna i ein avstand på 13 meter til senterlinja på fylkesveg 394. Søknaden gjeld for inntil 2 år. Ved eventuell forlenging må det søkjast på nytt. Eigedomen gnr. 10, bnr. 37 er privat eigedom og det må innhentast løyve frå grunneigar for plassering av toalettvogn på eigedomen.

Statens vegvesen har vurdert søknaden og finn at det ikkje vil føre til vesentleg ulempe for drift og vedlikehald av fylkesvegen om dispensasjonen vert gjeven slik det er søkt om.

***Vedtak***

Med heimel i veglova §30 og §34, gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 394 for å plassere toalettvogn på gnr. 10 bnr. 37 i Lindås kommune.

***Vilkår for dispensasjonen***

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 02.05.2019.

2. Avstanden frå toalettvogna (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 394 skal vere minst 13 meter.

3. Toalettvogna må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fylkesveg 394.

5. Dispensasjonen er gjeven for inntil 2 år frå dags dato. Om det er trong for forlenging av tiltaket må det søkjast om dispensasjon frå byggegrensa på nytt.

***Bakgrunn for vedtaket***

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

***Rett til å klage***

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «klage på forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Postboks 43, 6863 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
Senioringeniør

Odd Høydalsvik

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ